



Senterpartiets Studieforbund

Kunnskap Innsikt Utvikling

Senterpartiets Studieforbund
pb 1191 Sentrum
0107 Oslo
sps@senterpartiet.no

Oslo, 23. februar 2008

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Høring – forslag til ny lov om læring utenfor det formelle utdanningssystemet

Det visast til høringsbrev av 12.1.2009. Senterpartiets Studieforbund har desse merknadane til departementets forslag til ny lov.

§ 3 Definisjonar.

3 a) Ordlyden er ikkje språkleg god, til dømes finst uttrykka "organisasjon", "organisasjonar", "organisere" i same setning. Uttrykket "demokratisk organisasjon" bør enten takast ut eller også bli inkludert i 3 c) som handlar om medlemsorganisasjonane.

Argumentet for å ta ut "demokratisk organisasjon" får større relevans dersom fråsegna frå VOFO (§ 5) vert teken omsyn til. VOFO meiner at "også ideelle verksemdar som ikkje nødvendigvis er demokratiske i sin oppbygning, i tradisjonell forstand, også må kunne bli medlemmer. For eksempel stiftelsar."

Eit betre forslag er å gje 3 a) denne ordlyden: " Eit studieforbund er ein ideell samanslutning av medlemsorganisasjonar godkjent etter lovens § 5 med mål å organisere tiltak innan vaksnes læring".

3 c) kan stå uendra.

§ 5 Godkjenning av studieforbund.

I denne paragrafen vert det etablert krav om at eit studieforbund skal ha eit minimum av medlemsorganisasjonar for å kunne oppnå godkjenning. SPS reserverer seg mot dette kravet.

Det er teke omsyn til at samiske studieforbund må få unntak for minstekrav til studietimar eller liknande. Tilsvarande bør studieforbunda til politiske parti, som av både praktiske og ideologiske årsaker ikkje kan slåast saman med andre politiske eller upolitiske studieforbund, få same type unntak. På eit meir prinsipielt plan vil SpS uttale at styresmaktene må vera svært varsame med å stille vilkår som grip inn i og avgrensar organisasjonsfridom i samfunnet. Organisasjonar i frivillig sektor må sjølv kunne avgjere kva samanslutnader dei vil tilhøyre utan å miste statstilskot.

Anna

SPS sluttar seg elles til fråsegna frå VOFO.

A handwritten signature in black ink, reading "Erlend Fuglum". The signature is written in a cursive, flowing style.

Erlend Fuglum
Generalsekretær, SpS